
Fra: Arne Helgesen
Sendt: mandag 7. desember 2020 07:37
Til: Magnulf Rise; Postmottak Alver
Kopi: Mikkel Mundal
Emne: SV: VA-plan for Søndre Urhaug Bustadområde, gnr 445, bnr 6 mfl.

Har gitt deg ein kjapp tilbakemelding. Kommentar med rød skrift.

Arne Helgesen | Avdelingsleiar Eigedomshandling

Telefon: 959 45 434 / 56 37 56 69

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



Fra: Magnulf Rise <mar@rektangel.no>
Sendt: mandag 7. desember 2020 03:10
Til: Postmottak Alver <post@alver.kommune.no>
Kopi: Arne Helgesen <arne.helgesen@alver.kommune.no>; Mikkel Mundal <advokat@m-mundal.net>
Emne: SV: VA-plan for Søndre Urhaug Bustadområde, gnr 445, bnr 6 mfl.

Hei

Vi har ikkje stilt spørsmål om kva innhald ein rammeplan for VA til ein reguleringsplan skal ha, men om det tekniske grunnlaget ein skal basere seg på.

Etter ein del "om og men" har vi fått vite av utbygger Rune Ullvatn at kommunen er i ferd med å overta dei VA-anlegga han har bygd utfor området mot sørvest **Kommune skal overta anlegget, når vi har kontrollert innmålingsdata, og utført ferdigbefaring med Ullvatn, og er enige om at anlegget for vatn og avløp er godkjent** . Det vil vere nærliggande å knyte Søndre Urhaug til dette anlegget.

Ullvatn meiner det er kapasitet i anlegget hans for å kunne motta spillvatnet frå framtidige hus på Søndre Urhaug, maks 12 bueiningar. Vi har på den bakgrunn utarbeidd eit førebels konsept utan tekstdel for VA, jf. vedlegg. Vi skulle gjerne ha kontrollert kapasitet av den Ø110 mm spillvassleidningen vi knytter oss til i Veg 4 (?), **Denne ledningen er overbelasta som den er, ein 110**

mm ledning er ok opp til 8-10 bu eininga, det er allerede langt fleire bu einingar inne på denne ledningen, Uansett er dette noko ein va konsulent skal vurdere, og beskrive ein løysning for nå va rammeplan kjem inn for godkjenning. Dersom dette er ein eigen reguleringsplan, skal va rammeplan være godkjent før ramme godkjenning. Endelig teknisk plan skal være godkjent før ig. men har ingen høgdedata for ledningen, Ullvatn kunne ikkje skaffe det. Kommunen har nett fått sosi fil fra Rune Ulvatn, der skal alle data være. Har ikkje lagt den inn i kart enda, så det må eg komme tilbake til

Vi har lagt til grunn at det er behov for ein brannhydrant/brannventil i det nye feltet og har plassert den øvst i ny tilkomstveg og forsynt den med ei Ø110 mm ny vassleidning frå aust. Dessutan med ei 50 mm leidning for å knyte saman med eks Ø50 mm leidning i Veg 4 for sirkulasjon. Vi er har ingen opplysning om brannvassforsyninga i området i dag, men vil anta det er dels er basert på forsyning frå Ø110 mm endeledningar. Dette får vi sjå nærare på, når va rammeplan blir sendt inn, med dei opplysningr som denne planen skal innehalde, brannvansdekning ihht tek 17

Overvatnet er samla opp og ført ut i bekken som drenerer dette arealet i dag, det blir moderat auke i den naturgitte avrenninga frå dette området etter utbygging. Overvatn skal og gjerast greie for i va rammeplan.

Vi ønskjer å fullføre rammeplanen snarast råd er og ber om kommentar/tilbakemelding.

Med helsing
Rektangel AS
Magnulf Rise

Fra: Arne Helgesen [arne.helgesen@alver.kommune.no]

Sendt: 26. oktober 2020 19:22

Til: Magnulf Rise

Kopi: Kjetil Ertvaag

Emne: SV: VA-plan for Søndre Urhaug Bustadområde, gnr 445, bnr 6 mfl.

Arne Helgesen | Avdelingsleiar Eigedomsforvaltning

Telefon: 959 45 434 / 56 37 56 69

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE

Va rammeplan må sendast til postmottak, krav til inhold i ein va rammeplan finn du på Alver kommune si heimeside, bruk Lindås eller Meland, når du velger kommune. Alver kommune er ikkje lagt inn på nettsida enno.

Fra: Kjetil Ertvaag <kjetil.ertvaag@alver.kommune.no>
Sendt: torsdag 22. oktober 2020 14:44
Til: Arne Helgesen <arne.helgesen@alver.kommune.no>
Emne: VS: VA-plan for Søndre Urhaug Bustadområde, gnr 445, bnr 6 mfl.

Hei Arne,

Har du hørt om tilkobling av avløp i Søndre Urhaug? Sjå mail under.

Vennlig hilsen,

Kjetil Ertvaag | Avd. Leder VVA
Telefon: +47 92861601
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 0



ALVER
KOMMUNE

Fra: Magnulf Rise <mar@rektangel.no>
Sendt: torsdag 22. oktober 2020 14:37
Til: Kjetil Ertvaag <kjetil.ertvaag@alver.kommune.no>
Emne: VA-plan for Søndre Urhaug Bustadområde, gnr 445, bnr 6 mfl.

Hei

Viser til telefonsamtale i dag.

Adv. Mundal i Bergen har under regulering ovannemnde bustadområde og har fått krav om å utarbeide ein VA-plan. Vi har fått oppdraget.

Sosifiler med kart og kommunalt leidningsnett har vi fått av reguleringsarkitekten. Det ligg eksisterande kommunale spillvassleidningar i nord, dit kan vi sikkert pumpe frå ein pumpestasjon i sør. Mundal meiner det er eit privat avløpsnett i sør som vil bli overtatt av kommunen i nær framtid, men ingen har data om dette, kanskje kommunen har det som byggesaksdokument? Antar det vil bli kortare grøft dit?

Eit forslag til VA-plan basert på pumping nordover ligg ved.

Kva med overløp frå pumpestasjon - tett tank? Slamavsliljar og avløp til bekk?

Vatn kan koplast til eks Ø110 mm i tilgrensande bustadveg i aust, i vest er det bare Ø 50 mm leidning. Ville vel ha vore ein fordel å få desse knytta i saman. Kva med dekning for brannvatn i dette området, hydrant eller brannventil i kum? Blir mating frå Ø110 mm endeleidning bli godkjent?

Vil kommunen kunne overta dette anlegget?

Med helsing
Rektangel AS
Magnulf Rise